



KS v/ Victor Ebbesvik

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1513 - 14/21649

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
23.09.2014

Mandat for KS Hordaland sitt arbeid med kommunereform.

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

KS v/ Victor Ebbesvik

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
079/14	Formannskapet	PS	04.09.2014
083/14	Kommunestyret	PS	18.09.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/1513

Mandat til KS Hordaland sitt arbeid med kommunereform

Vedlegg:

Mandat for KS Hordalands arbeid med kommunereform vedlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune gjer si tilslutning til at KS deltar som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale prosesser, i det kommunereformarbeidet som regjeringa (etter stortingsvedtak) har invitert kommunane til.

Formannskapet - 079/14

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Lindås kommune gjer si tilslutning til at KS deltar som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale prosesser, i det kommunereformarbeidet som regjeringa (etter stortingsvedtak) har invitert kommunane til.

Kommunestyret - 083/14

KO - behandling:

Innstillingar frå formannskapet vart samrøystes vedteke

KO - vedtak:

Lindås kommune gjer si tilslutning til at KS deltar som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale

prosesser, i det kommunereformarbeidet som regjeringa (etter stortingsvedtak) har invitert kommunane til.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

I Kommuneproposisjonen 2015 (Prop. 95S 2013-2014) blir det lagt opp til at alle landets kommunar i løpet av hausten 2014, blir invitert til å delta i prosesser med sikte på å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Fylkesmannen vil få ansvaret frå regjeringa for å sette i verk desse prosessane. Regjeringa seier i proposisjonen at det er ynskjeleg at dei regionale prosessane gjennomførast i eit samarbeid mellom fylkesmannen og KS regionalt, og varslar ein eigen invitasjon til KS om å delta i prosessane etter stortingsbehandling av proposisjonen. KS fekk ein slik invitasjon frå Kommunal- og moderniseringsministeren 03.07.14.

KS blir styrt av sine medlemmar på nasjonalt nivå av dei medlemsvalte organa, hovudstyre og landsstyre, og regionalt av dei medlemsvalte fylkesstyra. KS ynskjer i denne saken ei særskilt medlemsforankring av deira deltaking i det vidare prosessarbeidet, og vil invitere til en politisk behandling i kommunen/fylkeskommunen av dette.

KS sitt landsstyre diskuterte regjeringa sitt forslag til en kommunereform og invitasjonen til KS i sitt møte i mai i år, og fatta følgjande samrøystes vedtak: *«Landsstyret er positiv til at KS sentralt og regionalt tilrettelegger for og gir prosessveiledning i lokale prosesser og at dette gjeres i samarbeid med fylkesmannsembetene, i et likeverdig samarbeid. Det forutsettes at det er en gjensidig forståelse i dette samarbeidet for at kommunene selv styrer framdriften i prosessene, og definerer sine behov for veiledning og prosessstøtte»*

Landsstyret anbefalte samtidig at fylkesstyra ba kommunene, gjennom lokale politiske vedtak, å gje fylkesstyra mandat til å gå inn i et slikt samarbeid om tilrettelegging av lokale prosesser. Dette vil tydeleggjere at fylkesmannen si rolle er definert av staten og at KS si rolle definert av kommunene.

Ifølgje kommuneproposisjonen vil den organiserte prosessen starte i august 2014, og vil i hovudsak gå til kommunane fattar vedtak innan sommaren 2016. Vedtak blir meldt til KMD via fylkesmannen, som også vil bli bedt om å gjere ei sjølvstendig vurdering. Våren 2015 blir det lagt fram ei stortingsmelding med forslag til nye oppgåver til robuste kommunar fram, og ein samla proposisjon om ny kommunestruktur vil bli fremma for Stortinget våren 2017. Dei særskilte økonomiske virkemidla i reformen vil gjelde for kommunar som det er fatta nasjonale vedtak for i løpet av reformperioden, dvs innan 01.01.18. Iverksetting av samanslåingane vil vere seinast 01.01.20.

Premisser for KS sin medverknad:

KS har forutsett at endringar i kommunestrukturen må bygge på lokale prosessar. KS skal ikkje vere pådrivar for dette. KS ynskjer på medlemmane sine premisser å legge til rette for lokale prosesser saman med fylkesmenna, men det er medlemmane sjølv som bestemmer kven dei vil ta initiativ til samtalar med. KS ynskjer ikkje å ta stilling til dette, verken regionalt eller nasjonalt.

KS meiner det vil vere naturleg å bruke dei etablerte KS arenaene - fylkesstyre, fylkesmøtet, haustkonferansen osv. I ein tidleg fase kan ein også bruke andre arenaer som kommunane nyttar, til dømes regionråd, regionsamlingar. Eigne temadagar kan brukast. Kommunane sjølv må eige og styre prosessane, med bistand frå KS og fylkesmannen.

KS vil ivareta rolla som medlems- og interesseorganisasjon med fokus på rammevilkår, styrking av lokaldemokratiet, formidling av faktagrunnlag og tilrettelegging av arenaer for utvikling, kunnskapsdeling og erfaringsutveksling. KS meiner det er naturleg å sjå dei kommunale og fylkeskommunale/regionale oppgåvene i samanheng, og vil på nasjonalt nivå særleg arbeide vidare med kva for oppgåver som ut frå omsyn til nærleik til innbyggjarar, politisk folkevalt forankring og effektiv oppgåveløysning kan flyttast til eit av desse to nivåa, under føresetnad av fullfinansiering av nye oppgåver.

Vurdering:

Lindås kommune har sidan hausten 2010 vore med på felles utgreiingsprosessar saman med dei andre Nordhordlandskommunane om ein framtidig kommunestruktur i regionen. Regionrådet har leia denne prosessen. Prosjektet har fått eksterne midlar frå til dømes Fylkesmannen til å gjennomføre utgreiingsprosessane og det er utarbeidd to rapportar frå Telemarksforsking, som legg eit grunnlag for om den enkelte kommune vil delta i det vidare utgreiingsarbeid. I kommunestyret 20. mars 2014 blei det vedtatt at Lindås kommune skal gå vidare i eit utgreiingsløp og at prosessen vil bli tilpassa statlege signal som måtte kome. I kommuneproposisjonen som blei lagt fram før sommaren har regjeringa lagt opp ein framdriftsplan, og i løpet av hausten blir kommunane invitert til å delta i prosesser med sikte på å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar.

Lindås kommune og Nordhordland er kome langt i diskusjonen om kommunestruktur og har hatt lokale prosessar i mange år, og det er framheva både regionalt og nasjonalt at regionen er kome lengre i dette arbeidet enn andre kommune og regionar. Rådmannen ser på initiativet frå KS som ei prinsippavgjerd for å forankre kommunestrukturarbeidet i kommunane sin eigen interesseorganisasjon. Korleis Lindås kommune og regionen skal bruke KS i det vidare arbeidet i regionen er noko uklart. KS legg opp til å ha ei «passiv» rolle i forhold til dei lokale prosessane, og vil vurdere ei deltaking om kommunane sjølv vil det. Det er ingen tvil om at arbeidet med kommunestruktur vil vere eit sentralt og viktig prosjekt i alle kommunar dei neste åra, og det vil påverke heile kommunesektoren. Det kan derfor vere nyttig og nødvendig å ha med KS som ein aktør i prosessane. Rådmannen rår derfor til at Lindås kommune gir KS eit mandat til å vere tilretteleggjar og koordinator for lokale prosessar.